

## MØTEINNKALLING

---

Kopi til: Ordføreren  
Revisor  
Rådmannen

Medlemene av  
Kontrollutvalet

### INNKALLING TIL MØTE I MIDSUND KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**tirsdag, den 08.05.2018 kl. 17.15 på  
Midsund kommunehus**

### SAKLISTE:

- Sak 01/18 - Godkjenning av møtebok frå møte 25.04.2017
- « 02/18 - Årsmelding 2017 – Midsund kommune
- « 03/18 - Kommunerekneskapen 2017 - Midsund kommune
- « 04/18 - Åpenhetsindeksen fra Pressens Offentlighetsutvalg

Dersom det er vanskeleg å møte, gi melding på telefon 70 17 21 58 eller 926 11735 til dagleg leiar eller e-post [bjorn.tommerdal@sksiks.no](mailto:bjorn.tommerdal@sksiks.no)

Robin Sørli  
leiar  
(sign.)

## **Sak 01/18 - Godkjenning av møtebok frå møte 25.04.2017**

### **KONTROLLUTVALET I MIDSUND KOMMUNE**

#### **MØTEBOK**

Møtedato: 25. april 2017, kl. 17.15

Møtestad: Midsund kommunehus

Møtet vart leia av: Robin Mikal Sørli

Elles til stades:

Kåre Bjørnerem og Tone Uran Opstad

**= 3 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.

Frå Midsund kommune møtte rådmann Ketil Ugelvik, økonomisjef Aril Sjøvik i sak 02/17 og 03/17 og Marta Midtbø i sak 01/17 og 04/17.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

### **SAK 01/17**

#### **GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 14. DESEMBER 2016**

##### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 14. desember 2016 blir godkjent.

### **SAK 02/17**

#### **ÅRSMELDING 2016– MIDSUND KOMMUNE**

Innstilling datert 18.04.2017 frå kontrollutvalsekretariatet:

##### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek årsmelding 2016 for Midsund kommune til orientering.

**SAK 03/17**  
**KOMMUNEREKNESKAPEN 2016 – MIDSUND KOMMUNE**

Innstilling datert 18.04.2017 frå kontrollutvalsekretariatet.

**Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:**

1. Midsund kommune sin rekneskap for 2016 blir godkjent
2. Innan enkelte hovudansvarsområde ligg det føre overskridingar i forhold til vedteke budsjett og kontrollutvalet vil presisere at årsbudsjettet er bindande, jf. kommunelova § 47 nr. 2.

**SAK 04/17**  
**NY GJENNOMGANG AV TILSYNSRAPPORT HELSE-OG**  
**OMSORGSTENESTENE, B-SAK**

Saksdokument datert 18.04.2017 frå kontrollutvalsekretariatet.  
Orientering gitt av Rådmann Ketil Ugelvik og avdelingsleiar Marta Midtbø om at avviket er lukka.

Leiar fremma forslag om å lukke møtet med heimel i kommunelova § 31 nr. 2. Dette vart samrøystes vedteke.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Møtet vart opna.

Robin Mikal Sørлие  
leiar  
(sign)

Kåre Bjørnerem  
nestleiar  
(sign)

Tone Uran Opstad  
medlem  
(sign.)

## Sak 02/18 - Årsmelding 2017 – Midsund kommune

### SUNNMØRE KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet i  
Misund kommune

Dato: 02.05.2018

### SAK 02/18 ÅRSMELDING 2017 - MISUND KOMMUNE

Som pdf vedlegg følger:

- Årsmelding 2017 – Misund kommune

Etter § 10, 3. ledd i forskrift om årsrekneskap og årsmelding, skal administrasjonssjefen innan 31. mars utarbeide årsmelding, og fremje denne for det organ kommunestyret bestemmer.

Dersom årsmeldinga ikkje blir fremja for kontrollutvalet, skal den oversendast kontrollutvalet før kontrollutvalet gir sin uttale til årsrekneskapen.

Årsmeldinga skal ligge føre til behandling i kommunestyret samstundes med at årsrekneskapen blir behandla.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

#### **v e d t a k :**

Kontrollutvalet tek årsmelding 2017 for Misund kommune til orientering.

Bjørn Tømmerdal  
dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

## Sak 03/18 - Kommunerekneskapen 2017 - Midsund kommune

### SUNNMØRE KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet i  
Misund kommune

Dato: 02.05.2018

### SAK 03/18 KOMMUNEREKNESEKAPEN 2017 – MISUND KOMMUNE

Som pdf vedlegg følger:

1. Revisjonsmelding til kommunerekneskapen 2017 - Misund kommune
2. Misund kommune - kommunerekneskapen 2017

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målesetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgelegg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og administrasjonssjefen si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

#### **uttale :**

1. Misund kommune sin rekneskap for 2017 blir godkjent.
2. Kontrollutvalet rår kommunestyret til å sjå nærare på meirforbruk innanfor Butenesta i høve til regulert budsjett.

Bjørn Tømmerdal  
dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

Kopi: Kontrollutvalet  
Formannskapet  
Rådmannen

Til kommunestyret i Midsund

## MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

### Uttale om årsrekneskapen

#### *Konklusjon*

Vi har revidert årsrekneskapen for Midsund kommune som viser kr 138 019 900,- til fordeling drift og eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr 4 117 245,-. Årsrekneskapen er sett saman av balanse per 31. desember 2017, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31. desember 2017, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg.

#### *Grunnlag for konklusjonen*

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen slik det er krav om i lov og forskrift, og har overhalde dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår meining er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

#### *Anna informasjon*

Rådmannen er ansvarleg for anna informasjon. Anna informasjon består av rådmannens årsmelding, men ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekker ikkje slik anna informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den anna informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

#### *Rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen*

Rådmannen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at han gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg. Rådmannen er også ansvarleg for slik intern kontroll han finn naudsynt for å kunne utarbeide et årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

#### *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen*

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som gir inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For vidare framstilling av revisor sine oppgåver blir det vist til:

[www.nkrf.no/revisjonsberetninger](http://www.nkrf.no/revisjonsberetninger)

#### **Uttale om andre lovmessige krav**

##### *Konklusjon med atterhald om budsjett*

Rammeområdet Butenesta har eit betydeleg meirforbruk i forhold til regulert budsjett på kr 3,5 mill. Det blir vist til rådmannen sin omtale i årsmeldinga.

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi, med unntak av forholdet nevnt i avsnittet over at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

##### *Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

##### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si

plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Ålesund, 19. april 2018



Knut G. Alnes  
oppdragsansvarleg revisor



Solrun Aa. Tusvik  
revisjonsrådgjevar



## **Sak 04/18 - Åpenhetsindeksen fra Pressens Offentlighetsutvalg**

Vedlegg: Åpenhetsindeksen 2018 som pdf fil

Offentlegheitsutvalet til pressa har granska åpenheten i norske kommunar. Resultata er markert med raudt for Misund kommune i vedlagte rapport (pdf fil).

Kautokeino i Finnmark er landet sin mest lukka kommune. Ørland i Trøndelag er den mest opne kommunen til landet. Openhetsindeksen 2018 viser at svært mange norske kommunar ved enkle grep kan bli mykje betre på innsyn og offentlegheit.

Undersøkinga baserer seg på korleis eit innsynskrav blir handtert, tilgjengeligheten av viktig informasjon på kommunane sine heimesider og på eit spørjeskjema til kommunane. Kommunane i Finnmark er i gjennomsnitt det mest lukka - Vestlandet er beste landsdel og Nord-Noreg er verstingen.

Dei små kommunane er jamt over dårlegare enn dei store. Saksbehandlingstida og manglande retningslinjer for offentlegheitsarbeidet, er blant postane som trekkjer ned i mange av kommunane. Høvet for avanserte søk gir ekstrapoeng. Nokre kommunar har innført eit journalsystem som gjer det mogeleg for allmenta å laste mange dokument ned direkte utan å måtte spørje ein byråkrat om lov fyrst. Det inneber at dei sparer seg sjølv for veldig mykje arbeid.

Kontrollutvalet i Misund kommune ønskjer at rådmann gir ei orientering om arbeidet med innsyn i Misund kommune.

Saka vert etter dette lagd fram utan tilråding til vedtak.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutval sekretariat